14/1383

26-March-2014

Eknesvågens Vener
Postboks 25
5991 Ostereidet
Org. nr. 988 232 726
Konto SpV 3632.53.90268

...båten frå byd`n

Lindås kommune
Postmottak
Kvernhusmyrane 20
5914 Isdalstø

LINDÅS KOMMUNE
Klassering
25. 03. 2014
Ark. saksnr. Løpenr.
Saksn. Tilgangskode

**Ettersending av vedlegg til søknad om kulturmidlar - tilskot Referansenummer XGC7Y8**

Viser til søknad om kulturmidlar – tilskot, sendt elektronisk 13.3.2014.

Dette brevet inneheld vedlegg til søknaden.

Vedlegg 1: Årsmelding 2013

Vedlegg 2: Revidert rekneskap 2013

Vedlegg 3: Arbeidsprogram 2014

Vedlegg 4: Budsjett 2014

Årsmøtet i Eknesvågens Vener vart halde 16 mars 2014. Årsmelding og rekneskap vart samrøystes godkjent. Det same gjeld arbeidsprogram og budsjett for 2014. Underteikna vart attvald som leiar og Finn Guldbrandsøy attvald som kasserar.

Dersom det er ting de lurer på, er leiar å treffe på telefon 958 15 094 eller e-post karstbj@online.no.

Med venleg helsing

Eknesvågens Vener

Karstein Bjørge
leiar

# Eknesvågens Venner
# Årsmelding 2013

## Styret 2013:

Leiar: Karstein Bjørge

Nestleiar: Tomas Laugsand Erlien

Kasserar: Finn Guldbrandsøy

Sekretær: Arild Myhr

Styremedlem: Gunnar Guldbrandsøy

Vara: 1. Ane Kortner

2. Alf Nilsen

3. Elin Vilhelmsen

Revisor: Randi Havnerås Hummelslund.

Valnemd: Magnar Toft og Ingrid Sødal Eidsnes.

## Styremøte:

Styret har i arbeidsåret 2013 hatt 8 styremøte. Alle på bokkafeen.

## Medlemstal:

I 2013 var det 137 medlemer. Derav 4 gratismedlemer.

(107 i 2012, 109 i 2011 og 101 i 2010.)

## Økonomi:

Økonomien i 2013 har vore god. I arbeidsåret har vi fått eit driftstilskot frå Lindås kommune på kr 5 000. Frå Kystsogevekene har vi fått kr 5 000 til dei 6 tilskipingane vi hadde på bokkafeen.

Til utbetring av turstiar og betre skilting av turløypene fekk vi kr 10 000 frå Sparebankfondet. Til golv og vegg i Grindabygget fekk vi kr 20 000 frå Lindås kommune.

Utgiftene er ført under Bruknappen betong, H.Guldbrandsøy og under innkjøp Arild, Karstein, Alf og Finn. Litt av utgiftene til utbetring av turstiar finn

vi også under same post.

## Arrangement:

**08. mai:**
Markering av fridomsdagen og veterandagen for soldatar i utanlandsteneste.
Velkomsttale ved leiar i NHLFF
Innleiing ved formannen i NH Forsvarsforeining Atle Bondevik.
Alf Nilsen leia arrangementet frå scena.
Ordførar Astrid Aarhus Byrknes tala.
Song og musikk ved ordføraren, Alf Nilsen og Charlotte Johnsen.
Oberst Vigard Aabrek snakka om temaet «Frå tysklandsbrigaden til Afghanistan».
Flaggkomandør Lars Fleisje frå sjøforsvaret la ned krans ved minnestøtta.

Det var matøkt for innbydde og påmelde veteranar der me serverte «Magnhildsuppa». Dei som ikkje var innbedne kunne kjøpa kaffi og vaflar i naustet til Ane.

FN veteranane Vidar Lehman og Gjermund Hagesæter heldt tale.
Leiar i EV Karstein Bjørge fortalte til slutt om Eknesvågen opp gjennom tidene.

Det var godt oppmøte, om lag 110 personar. Av desse var det om lag 50 veteranar.
Dessverre begynte det å regne, så kransnedleggjinga vart litt fuktig.

**Utstillingar 08. mai:**
Hitra/Eidsheim utstillinga.
Bøker frå og om desse tema som me minnast.
Gamle foto frå FN-oppdrag i utlandet.
Der var og eit militært køyretøy.
Lindås sogelag hadde ei utstilling frå krigstida.

Utstillinga var i grindabygget.

Dette arrangementet var eit samarbeid mellom Lindås kommune, Nordhordland Forsvarsforeining og Eknesvågens Venner.

**17. mai**
Flaggheising kl. 08.00 som vanleg.

Gjermund Hagesæter heldt appell og la ned krans ved minnestøtta.
Frukost på bokkafeen etterpå.

## To-fjellsturen

To-fjellsturen 20. mai gjekk frå Vassverket til Totlandsfjellet der det var ord for dagen ved Vilhelm Overå og utdeling av vandrarstaven 2013. Turen gjekk vidare til Grindabygget på Bjørge der det vart seld kaffi, brus og vaflar. Det var også grilling. Ca 25 personar fylgde frå Totlandsfjellet til Grindabygget. Grindabygget på Bjørge var ein fin avslutningsplass som mange meinte burde bli tradisjon.

## Eknesvågdagen.

Eknesvågdagen var 8. juni. Oster kom som vanleg kl. 08.20 med brød og bollar frå Tysse Bakeri.

Eknesvågdagen vart opna av stortingsrepresentant Tove Linea Brandvik. Programmet stod Kyrkjekoret Osterklang for. Dei framførte utdrag av revyen "Langs Osterfjorden før og no." Ca 20 personar ,inkludert musikken, hadde ei utruleg fin framføring.

Då Oster kom frå bydn, var det omvising på båten. Varaordførar May Eva Sandvik helsa frå kommunen.

Karen Guldbrandsøy hadde loppemarknad til inntekt for Kreftsaka. Dette fekk svært god respons. Programmet vart leia av Alf Bjarne Nilsen.

Totalt var det ca. 170 gjester.

## Jonsok.

Det møtte ikkje folk, så feiringa på kaien vart ikkje noko av.

## Kystsogevekene 2013.

**Sundag 11. august:**

Først ute var leiar i Alversund og Seim bondelag Reidar Konglevoll.
Han snakka om «Norsk landbruk, meir enn berre låge prisar».
Det var 22 personar som høyrde på.

**Sundag 18. august:**

2. søndag i Kystsogevekene var det Bjarne Foss som heldt foredraget:
«Møbelindustrien i Nordhordland».
Det var 21 personar som høyrde på.

**Sundag 25. august:**

3. søndag i Kystsogevekene var det Johan Myking som heldt foredraget:
«Ivar Aasen om Nordhordland og strilane».
Det møtte 17 personar.

**Sundag 01. september:**

4. søndag i Kystsogevekene var det Vidar Lehman som heldt foredraget:
«Strilekrigen mot atomkraftverk».
Heile 36 personar høyrde på.

**Sundag 08. september:**

5. søndag i Kystsogevekene var det Karl Kolstad som heldt foredraget:
«Då olja kom til Nordhordland».
Det var 21 personar og høyrde på.

**Sundag 15. september:**

6. sundag i Kystsogevekene var det Johannes Fosse som heldt foredraget:
«Då elektrisiteten kom til Nordhordland».
Det møtte 18 personar.

## Julekai

Julekaien 2013 var sundag 24. november.
Der var fleire salsbuer i grindabygget og i naustet til Ane.
Gruppa «Kom Nærmere» underheldt med song og musikk.
Ordføraren helsa og underheldt før ho tende julegrana.
Det vart gong rundt julegrana, og nissen kom.

Det møtte om lag 270 personar. Trekning av loddbøker samt lynlotteri. Garntausene stod for gevinstar til utloddinga.

## Bokkafeen

Bokkafeen var open frå og med første søndag etter påske, til og med julekaien.
Bokkafeen heldt stengt i desember.
Det var eit par dugnadar på bokkafeen i 2013.
Frammøtet var jamt over godt.
Me hadde to posesal der ein kunne fylla ein pose med bøker for kr. 50,-.
Dette var ein suksess.
Omsettinga har vore bra, men kunne vore betre.

## Totlandsfjellet

Det var 5880 besøk på hytta på Totlandsfjellet. (5490 i 2012 og 4100 i 2011.)
Fem vandrarstavar vart trekt ut mellom dei som hadde skrive seg i hytteboka.
Vi fekk kr 10 000 frå Sparebankfondet til betring av turløypene og skilting.
Det er lagt ut ein del nye klopper og mange av stiane er merka med nye skilt (laga av Arild Myhr).

## Strikkekafeen

Strikkekafeen har i arbeidsåret hatt 19 treff på bokkafeen.
Gjennomsnittleg frammøte for heile året ligg på 7 personar kvar gong.

## Grindabygg

Grindabygget har no fått støypt golv og det står att å setja opp vegg med dør i front. Det er elles gjort ein del arbeid, beising m.m. Til dette arbeidet fekk vi kr 20 000 av Lindås kommune. Arbeidet er gjort på dugnad, leia av Alf Bjarne Nilsen.

## Innkjøp av projektor.

Før kystsogevekene kjøpte me projektor og lerret.
Dette vart montert, og var klart til kystsogevekene byrja sundag 11. august.
Prisen var kr. 6734,-

## Representasjon:

Eknesvågens Venner tok for nokre år sidan initiativ til å få skipa eit Nordhordland folkeakademi. Folkeakademiet vart skipa i november 2013. Karstein Bjørge er kasserar og ein av 3 styrerepresentantar.

Leiaren var også i Pensjonistlaget på Ostereidet og orienterte om Eknesvågens Venner

## Media.

Eknesvågens Venner har også i 2013 hatt eit svært godt samarbeid med lokalavisene Nordhordland og Strilen. Alle tilskipingane har fått god dekking . Det har vore førehandsomtale eller referat frå tilskipingane eller også begge deler.

## Samarbeid med andre:

Vi har i arbeidsåret hatt eit møte med representantar frå UL Idun om mogeleg samarbeid med tilskipingar.
Ordførar eller varaordførar i Lindås kommune har deltatt på fleire av tilstellingane våre.

Styret vil til slutt takka alle som har møtt opp på tilstellingane våre og elles hjelpt oss med dugnadsarbeid.

Thomas Laugsand Erlien Finn Guldbrandsøy Arild Myhr

Gunnar Guldbrandsøy Karstein Bjørge

# REKNESKAP EKNESVÅGENS VENNER 1.1-2013 - 31-12-2013

| INNTEKT | | | UTGIFT | |
|---|---|---|---|---|
| Medlemskap | 13300,00 | | Bo Grønt | 6126,00 |
| Gåva fra Allmennyttige formål | 10000,00 | | Aga Gas | 561,00 |
| Bokkafen m.m. | 20570,00 | | BKK/Norgesenergi | 7235,73 |
| Kystsogevekene | 5000,00 | | Rema 1000 | 12509,22 |
| Lindås kommune | 25000,00 | | Den Norske Kreftfor | 1000,00 |
| Inntekt julekaien + loddbøker | 11211,00 | | Dyrdal Gardsmat | 3000,00 |
| Loddbøker | 6800,00 | | Frimerker | 1540,00 |
| Eknesvågdagen | 12915,00 | | Infoskilt | 594,00 |
| Renter | 204,00 | | Tryg Forsikring | 3395,00 |
| Div (kan vera lodd) | 250,36 | | Mikrofoner | 11243,00 |
| Lodd + div julekaien | 2053,00 | | Osterfj.Sokneråd | 3000,00 |
| | | | Tøsse bakeri | 1187,50 |
| | | | National Pen | 1055,00 |
| | | | Posten leige boks | 650,00 |
| | | | Johan Myking | 1000,00 |
| | | | Bruknapp betong | 8994,00 |
| | | | H. Guldbrandsøy | 3737,00 |
| | | | Annonser | 3150,00 |
| | | | Tono | 422,00 |
| | | | Bankomkostninger | 174,00 |
| | | | Innkjøp Arild/Karstein | |
| | | | Alf/Gunnar/Finn | 22979,66 |
| | | | | |
| | **107303,36** | | | **93553,11** |
| I bank 31.12 2013 | **65539,96** | | | |

I bank 01.01.2013 51789,7

Eknes 10/2.14
Finn Gunnar G

Rekneskapen er revidert og funnen i orden

Klokkarvik 13.03.2014
Randi H. Hummelsund.

# Eknesvågens Venner

## Arbeidsprogram 2014:

1. Open bokkafe kvar sundag med unntak av påska og pinsen og perioden desember 2014 til og med påska 2015.

2. To-fjellstur Totlandsfjellet - Bjørge 2. pinsedag.

3. 17. mai kl 08.00: Salutt, kransnedlegging ved minnesmerket og frukost.

4. 14. juni - Eknesvågdag.

5. Jonsokfeiring.

6. 23. november - Julekai med utlodding.

7. Strikkekafe annakvar veke. Temautstillingar.

8. Ferdigstilla Grindabygget.

9. Drift- og vedlikehald av hytta på Totlandsfjellet. Leggja ut fleire kloppar.

10. Opprusting av toaletta ved Grindabygget.

11. Saman med grunneigarane utgreia framtidig bruk av Klubben.

12. Eit kulturarrangement sumar/haust. (Kystsogevekene)

13. Ordførarpraten.

14. Vervekampanje.

15. Lokale kunstnarar stiller ut.

16. Innsamling: Lokale mattradisjonar og matskikkar.

EKNESVÅGENS VENNER

BUDSjETT 2014

| Drift | inntekt | utgift |
|---|---|---|
| Medlemspengar | 13 400 | |
| Tilskott frå Lindås kommune | 9 000 | |
| Kontorrekvisita og frimerke | | 8 000 |
| Straum og gass | | 8 000 |
| Forsikring | | 3 500 |
| Lysingar | | 4 000 |
| Blomar | | 6 000 |
| Bokkafeen | 20 000 | 15 000 |
| Vedlikehald bygg | | 5 000 |
| To-fjelltur - vandrarstavar | | 2 500 |
| Eknesvågdag | 13 000 | 8 000 |
| Kystsogevekene | 5 000 | 9 000 |
| Julekai loddsal | 15 000 | 9 000 |
| Diverse | | 3 000 |
| *Investering* | | |
| Grindabygget | | 8 000 |
| Utbetring toalett | 10 000 | 15 000 |
| Bruk av kapital | 18 600 | |
| Totalt | 104 000 | 104 000 |